

## INFORMASJON TIL FØRESETTE OG BARNEHAGAR OM INDIVIDUELT OM TILRETTELAGT BARNEHAGETILBOD FOR BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Barn med nedsett funksjonsevne er gjennom lov og internasjonale konvensjonar sikra retten til å delta i samfunnet på lik linje som funksjonsfriske barn. Dette betyr at barn med nedsett funksjonsevne skal kunna delta i barnehagen på lik linje som andre barn.

Barnehagelova § 2, tredje ledd, stiller krav til at barnehagen skal tilpasse tilbodet blant anna ut frå barnet sitt funksjonsnivå. Dette betyr at barnehageeigar har ansvar for å sjå til at barn med nedsett funksjonsevne får eit barnehagetilbod i tråd med lova. Barnehageeigar sitt ansvar er likevel avgrensa til kva barnehagen kan gjera innanfor dei ordinære rammene.

Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod

Barn med nedsett funksjonsevne jf. barnehagelova § 19 g, er barn med fysiske, psykiske og kognitive funksjonsnedsettingar.

Barnehagelova § 19 g fastslår at kommunen har plikt til å legge til rette barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne. Lovteksten er som følgjer:

*«Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.*

*Kommunen fatter vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbudet til barn med nedsatt funksjonsevne.»*

Kommunen si tilretteleggingsplikt gjeld tiltak som er nødvendig for at barnet skal kunne nytta seg av barnehageplassen. Plikta gjeldt barn med nedsett funksjonsevne som er busett i kommunen og som har barnehageplass.

Kommunen si tilretteleggingsplikt medfører ikkje til at kommunen må finansiere tilrettelegging som den einkilde barnehage er pålagt som følge av krav i barnehagelova eller anna regelverk.

Barn kan i nokre tilfelle få tilbod om barnehageplass i ein annan barnehage enn den føresette har søkt plass i dersom individuell tilrettelegging ved den barnehagen medfører ei urimeleg byrde for kommunen, jf. vedtekter for kommunale barnehagar § 12.

Det er føresette som melder om ønskje om tilrettelegging av barnehagetilbodet til sitt barn. Barnehagen barnet går i rettleiar føresette i utfylling av skjema med melding om behov for individuelt tilrettelagt barnehagetilbod for barn med nedsett funksjonsevne

Kommunen, barnehagefagleg rådgjevar, fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet. Avgjera er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Føresette har klagerett på vedtaket.

Klageinstans er Fylkesmannen, jf. § 9 b.